

Osa grendalag
Osa
5730 Ulvik

Olje- og energidepartementet/
heidi.lundberg@oed.dep.no

Osa 13.2.2011.

Svar på høring av utvalgsrapportene knyttet til sjøkabelalternativet for kraftledning mellom Sima og Samnanger.

For innbyggjarane i Osa vil luftspenn frå Sima til Samnanger vera ein katastrofe. Naturen, som me bur i og nyttar til friluftsliv, jakt og næring, vil bli sterkt forringa. Å måtte sjå og høyre lyden frå kraftledningane til ei kvar tid vil vera ei belastning for bygdefolket. Mange fagfolk hevdar at det er stor strålefare frå slike kraftledningar. Me ynskjer ikkje å få ein slik helserisiko innpå oss. Osa Grendalag vil på det sterkaste oppmoda om at alternativet med sjøkabel vert valt!

Ut frå uttaler i media den siste tida, er me redd at de alt har valt luftspenn. Dersom så gale skulle vera, *må* trasevalet endrast. Eit luftspenn ned Austdalen og over fjorden, som er planlagt no, vil vera svært skjemmande og høyrbart for innbyggjarane i Osa. Ved å endra trasen til å kryssa langt inne i Nordalen vil ein sleppa å sjå og høyre kraftlina heile tida. Vedlagt fylgjer skisse som syner dette trasevalet.

Helsing
Styret i Osa Grendalag
v/leiar Margunn Hauso